



Rett Ingeniør As
Olsvikveien 60A
5184 OLSVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/7273 - 22/80305

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
20.10.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 322/68 Mjåtveit

Tiltak: tilbygg - carport
Byggjestad: Gbnr: 322/68
Tiltakshavar: Bjørn Frode Flataker
Ansvarleg søkjar: Rett Ingeniør As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.10.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det skal dokumenterast snumogelegheit på eigen grunn. Viss det er ikkje mogeleg, så må det sendast søknad om dispensasjon frå pkt.1.6.10 i kommunedelplanen sine føresegn for Meland.
2. Det skal etablerast ny avkøyrsløp på gbnr 322/68 og vi gjer Deg merksam på at avkøyrsløp skal vere i samsvar med pkt.1.6.11.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.11.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjørn Frode Flataker

Mjåtveitstø 6

5918

FREKHAUG

Mottakarar:

Rettt Ingeniør As

Olsvikveien 60A

5184

OLSVIK